



Arkivsaknr: 2024/10819-3
Sakshandsamar: Kate Bentzen
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Søknad til Næringsfondet - Foreningen Vardegard/Marthe Valle - Vardegard

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Prosjekt Vardegard vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming
Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Bakgrunn
Foreningen Vardegard er ei foreining/lag/innretning. Bransje:94.991 Aktiviteter i andre interesseorganisasjoner ikke nevnt annet sted. Registrert 03.09.2024. Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar
Foreininga Vardegard er ei nystarta foreining registrert hausten 2024. Foreininga har som intensjon å drive innan kultur, oppvekst, psykisk helse, konferansar og utleige. Foreininga er lokalisert på Rossland og har 1 tilsett på heiltid og 2 tilsette på deltid.

Om prosjektet
Prosjektet startar opp 7. oktober 2024 og er forventa gjennomført 27. oktober 2025.

Foreininga sitt formål med Vardegard er å skape ein samlingsstad tett på naturen der det er rom for felles kulturopplevingar, samhold og nærheit til naturen. Foreininga vil gjennomføre kurs, foredrag og samlingsvirksomhet.

Prosjektleveranse / målsetting
Foreininga ønskjer at staden skal brukas til fagbasert førebygging av psykisk helse, fellesskap og kulturvirksomhet for både ungdom og den øvre befolkninga i Alver Kommune.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Vardegard	2 950 000	370 000	0

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Næringsfondet skal styrkje næringslivet i Alver kommune og støtte frå næringsfondet skal bidra til auka næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til dette.

Vurdering

Søknaden viser til at Foreningen Vardegard ønskjer å tilby kurs, foredrag og samlingsvirksomhet og skape ein samlingsstad der det er rom for felles kulturopplevingar, samhold og nærheit til naturen. Foreininga søker om støtte til prosjektkostnader, driftskostnader og marknadsføring.

Alver kommune ser positivt på at ein ønskjer å bygge opp og utvikle ein arena for fagbasert førebygging av psykisk helse, og på dei aktivitetane ein ønskjer å utvikle og tilby, men på noverande tidspunkt er ein i ein svært tidleg fase og prosjektet er svært umodent. Etter samtale med styreleiar har foreininga ikkje gjennomført arrangement endå.

Søkje opplyser om totale prosjektkostnader på nærare 3 millionar kroner, men det følger ikkje med ein grundig prosjektbeskrivelse eller ein plan for gjennomføring av prosjektet. Eit utviklingsprosjekt som krev slike store investeringar må ha ein god og detaljert prosjektplan i botn.

Søkjjar vert oppmoda om å ta kontakt med Industriutvikling Vest eller Klar Bedrift for å få hjelp til å utvikle ideen vidare, og til å søkje om støtte frå næringsfondet på eit seinare tidspunkt når ein er komen lenger i utviklinga av dette konseptet.

Kommunedirektøren si tilråding

Prosjekt Vardegard vert avslått og vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Vedlegg

- 1 Søknad om kommunalt næringsfond
- 2 CV MARTHE VALLE 2024.pdf